

Saknr.:	Utval	Møtedato
0022/05	Hjelmeland formannskap	25.01.2005
0031/05	Hjelmeland formannskap	16.02.2005
0021/05	Hjelmeland kommunestyre	09.03.2005

Saksbehandlar:	Øyvind Bergøy
Klagerett over vedtak:	
Utskrift vert sendt til:	Olje- og energidepartementet LVK KS-Rogaland

Sak 0021/05**SAKSPROTOKOLL: NOU 2004:26 HJEMFALL - HØYRINGSUTTALE****Hjelmeland kommunestyre den 09.03.2005 sak 0021/05****VEDTAK:**

1.

Hjelmeland kommunestyre kan ikkje gå inn for det ein oppfattar som fleirtalsframlegg i utgreiinga om hjemfall (NOU 2004:26).

2.

Kommunestyret sitt syn kan oppsummerast slik:

- a) Hjemfallsaka gjeld eigarskapet til vannkraftsektoren og vedkjem vitale verdiar for det norske samfunnet, - både i dag, og for våre etterkomarar.
- b) Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye hjemfallsreglar må ha som målsetting framleis å stimulera til slikt eigarskap.
- c) Fleirtalet i utvalet sitt framlegg gir stimulans til raskt sal av offentlege eigardelar og ivaretek korkje dei nasjonale interessene som ligg føre, eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, - som ønskjer framleis eigarskap.
- d) Mindretalet sitt framlegg gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, - og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalets framlegg og viser til dei grunngevingar som er gitt i deira merknader.
- e) Den norske stat må syta for ei avklaring av EØS-avtalen sin innverknad på framtidige konsesjons- og hjemfallsreglar.
- f) Saka bør ikkje framjast for endeleg handsaming før grundige utgreiingar av ulike konsekvensar ligg føre.

Hjelmeland kommune
Avd. interne tenester

Hjelmeland formannskap den 16.02.2005 sak 0031/05

Utfyllande saksutgreiing og ny tilråding frå rådmannen i saka var utsendt før møtet.

FRAMLEGG:

1.

Hjelmeland kommunestyre kan ikkje gå inn for det ein oppfattar som fleirtalsframlegg i utgreiinga om hjemfall (NOU 2004:26).

2.

Kommunestyret sitt syn kan oppsummerast slik:

- a) Hjemfallsaka gjeld eigarskapet til vannkraftsektoren og vedkjem vitale verdiar for det norske samfunnet, - både i dag, og for våre etterkomarar.
- b) Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye hjemfallsreglar må ha som målsetting framleis å stimulera til slikt eigarskap.
- c) Fleirtalet i utvalet sitt framlegg gir stimulans til raskt sal av offentlege eigardelar og ivaretek korkje dei nasjonale interessene som ligg føre, eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, - som ønskjer framleis eigarskap.
- d) Mindretalet sitt framlegg gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, - og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalets framlegg og viser til dei grunngjevingar som er gitt i deira merknader.
- e) Den norske stat må syta for ei avklaring av EØS-avtalen sin innverknad på framtidige konsesjons- og hjemfallsreglar.
- f) Saka bør ikkje framjast for endeleg handsaming før grundige utgreiingar av ulike konsekvensar ligg føre.

Hjelmeland formannskap den 25.01.2005 sak 0022/05

Ordførar Terje Thornquist føreslo at saka vert utsett til neste formannskapsmøte den 15. februar.

Formannskapet gjorde samrøystes utsetjingsvedtak i samsvar med dette.

VEDTAK:

Saka vert utsett til formannskapsmøtet den 15. februar 2005.

Saksutgreiing:

Vedlegg i saka:

1. Felles saksutgreiing og forslag til vedtak for eigarkommunane i Lyse.
2. Div. vedlegg til vedlegg 1.

Saksopplysningar / fakta:

Etter initiativ frå Lyse er det utarbeidd ei felles sak for eigarkommunane i denne samanheng.

Ein syner til vedlagde utgreiing med vedlegg, og sluttar seg i det vesentlege til innhaldet i dette materialet.

Som det framgår, er dette ei sak av store nasjonale dimensjonar. Det er og snakk om viktige prinsipp, m.a. om store verdiar, som det her er snakk om, best kan forvaltast på statleg, eller på lokalt/regionalt nivå.

Rådmannen si tilråding:

1. Hjelmeland kommunestyre kan ikkje gå inn for det ein oppfattar som fleirtalsframlegg i utgreiinga om hjemfall.
2. Kommunestyret sluttar seg til felles høyringsuttale frå eigarkommunane i Lyse, og vil spesielt påpeika:
 - a) Det er ikkje akseptabelt at eit nytt regelverk blir utforma utan at dei rettslege tilhøva knytta til EØS-avtalen er klarlagde.
 - b) Eigarkommunane meiner prinsipielt at hjemfallsinstituttet bør avviklast og at nasjonal styring og kontroll med forvaltninga av naturressursane bør tilleggast eit nytt konsesjonsregime.
 - c) Før nytt regelverk vert handsama av Stortinget må reelle alternativ til vidareføring av hjemfall vera utgreidde og framsette.
3. Under føresetnad av at hjemfallsinstituttet blir vidareført og då også omfattar dei kommunalt åtte kraftverka har kommunane rett til full kompensasjon. Kompensasjonsordninga må gjevast heimel i nytt lovverk.
4. Kommunestyret ber om at dette vedtaket, samt pkt. 3 i vedlegg 1 til saka, vert sendt over til OED som høyringsuttale frå Hjelmeland kommune.

Hjelmeland, den 18.01.05

UTFYLLENDE SAKSUTGREIING OG NY TILRÅDING TIL VEDTAK

Vedlegg: skisse til høringsuttale frå LVK

Rådmannen seier seg lei for ei litt rotete handsaming av denne saka. Grunnen for dette er m.a. at dette er vanskeleg og komplisert stoff, samt at ein nok hadde vel store forventningar til det fellesopplegget ein gjekk inn på i lag med dei andre "Lyse-kommunane".

Sidan saka vart fremja i sist møte i formannskapet har rådmannen og fleire av medlemmene i formannskapet delteke i avklarande seminar om saka i regi av KS-Rogaland. Vidare har ein fått i hende "Skisse til høringsuttale" utarbeidd av LVK. Sistnemde følgjer som vedlegg.

I høve det som låg føre i saka slik ho opphaveleg vart fremja, er ein spesielt komen til at pkt. 2b i tilrådinga her bør endrast. Hjemfallsinstituttet kan ikkje tilrådest avvikla, slik det her er gitt uttrykk for. Dette ville innebera for stor risiko i høve til overordna målsetjing om størst mogeleg grad av lokal/nasjonal råderett over vasskraftressursane.

Rådmannen si tilråding:

1.

Hjelmeland kommunestyre kan ikkje gå inn for det ein oppfattar som fleirtalsframlegg i utgreiinga om hjemfall (NOU 2004:26).

2.

Kommunestyret sitt syn kan oppsummerast slik:

- a) Hjemfallsaka gjeld eigarskapet til vannkraftsektoren og vedkjem vitale verdiar for det norske samfunnet, - både i dag, og for våre etterkomarar.
- b) Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye hjemfallsreglar må ha som målsetting framleis å stimulera til slikt eigarskap.
- c) Fleirtalet i utvalet sitt framlegg gir stimulans til raskt sal av offentlege eigardelar og ivaretek korkje dei nasjonale interessene som ligg føre, eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, - som ønskjer framleis eigarskap.
- d) Mindretalet sitt framlegg gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, - og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Kommunen støttar mindretalets framlegg og viser til dei grunngevingar som er gitt i deira merknader.
- e) Den norske stat må syta for ei avklaring av EØS-avtalen sin innverknad på framtidige konsesjons- og hjemfallsreglar.
- f) Saka bør ikkje framjast for endeleg handsaming før grundige utgreiingar av ulike konsekvensar ligg føre.